



Fylkesmannen i Vestland

Landbruksdirektoratet
Postboks 1450 Vika
0116 OSLO

hoeringer@landbruksdirektoratet.no

Vår dato:

12.09.2019

Vår ref:

2019/14067

Dykkar dato:

02.07.2019

Dykkar ref:

19/27640

Saksbehandlar, innvalstelefon

Trude Knutzen Knagenhjelm, 5764 3094

Svar på høyring - forslag til ny forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap

Vi viser til høyringsbrev frå Landbruksdirektoratet på vegner av Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet av 2. juli 2019, med forslag til ny *forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap*.

Forslaget er ledd i oppfølginga av Stortinget sitt vedtak frå 2017 om at ansvaret for forvaltninga av tilskot til verdsarvområda og utvalde kulturlandskap i jordbruket kan bli overført frå regionalt til kommunalt forvaltningsnivå.

Fylkesmannen i Vestland har per i dag forvaltningsansvar for seks utvalde kulturlandskap i Hordaland og Sogn og Fjordane, og verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden (VF).

Her følgjer våre innspel til forslaget til ny forskrift:

Til § 1 Formål med tilskuddsordningene

Formålet med tilskotsordningane er uendra frå gjeldande forskrift med unntak av overskrifta. Dette er for å gjere det meir tydeleg at forskriftera omfattar to separate tilskotsordningar. Vi meiner at det er uheldig at ei forskrift har to ulike formål, men er samde i at dei to tilskotsordningane er ulike. Vi stiller såleis spørsmål om det ville vere gunstig å skilje dei to tilskotsordningane i ulike forskrifter for å i endå sterkare grad gjere det klart at dei to tilskotsordningane, og ordningane i sin heilsak er ulike. På denne måten ville det òg gå klarare fram at vi som nasjon set verdsarven høgt, og i ei særstilling kva gjeld forvaltning.

Til § 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld tiltak som ligg innanfor Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområda Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap, slik områda er avgrensa i Naturbase. Vi vil peike på at verdsarvområda per dags dato ikkje ligg inne i Naturbase, og at dette må komme i orden innan forskrifta trer i kraft.



Til § 3. Utlysning av og kriterier for tildeling av tilskudd

Vi ser det som positivt at paragrafane 3 og 4 i gjeldande forskrift er slått saman til ein paragraf. Vi er òg svært positive til at det nye tiltaket *kartlegging og dokumentasjon av landskapsverdier og behov for skjøtsel og sikring* er teke med i lista over tiltak det kan løvvast tilskot til.

Lista over tiltak det kan løvvast tilskot til fungerer fint for UKL-områda, men er til forvirring når det gjeld verdsarvområdet VF – Nærøyfjorden. Tiltaka i lista går til dels på tvers av ledd 1 i paragrafen; *Kommunen skal utlyse alle tildelte tilskuddsmidler og fastsette vilkår for tilskudd i samsvar med formålet med tilskuddsordningen, målsettinger i eventuelt gjeldende planer for området og eventuelle samarbeidsavtaler mellom søker og kommunen* (vår understrekning) og formålsparagrafen; *Formålet med tilskudd til tiltak i verdensarvområder er å styrke landbruket i verdensarvområdene.*

I verdsarvområdet VF er *Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda* ein gjeldande og førande plan for området. Av denne spring det òg ut skjøtselsplanar og samarbeidsavtaler for enkeltbruk som konkretiserer korleis innsatsen er tenkt innretta. For forvalningsstyresmakta som fattar vedtak er balansegangen og skjønnet som må brukast i samband med siling av vedtak som er «innanfor og utanfor» ordninga svært krevjande når lista i forskrifa opnar for meir enn kva Tiltaksplanen gjer. Dette er eit døme på kvifor dei to tilskotsordningane, UKL og verdsarv, ideelt sett bør forvaltast med kvar si forskrift.

Punktet om utlysing av tilskottsmidlane slår fast at kommunen skal lyse ut alle midlane, slik at kommunen sjølv må søkje og stå som prosjekteigar for fellestiltak. Vi stiller spørsmål til om dette vil fungere i område som dekker fleire kommunar, slik som i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. I forslaget til ny forskrift vert lagt opp til at alle dei fire verdsarvkommunane skal ha vedtaksmynne. Særskilt finn vi også det vanskeleg å sjå korleis dette skal løysast frå Fylkesmannen si side når vi skal fordele potten til dei fire kommunane. Meir om dette kjem under punktet § 4 *Søknad og søknadsfrist*.

Til § 4. Søknad og søknadsfrist

Vi er glade for at søknadsprosessen vil gå føre seg i Agros, og at det vil bli utvikla søknadsskjema fastsett av Landbruksdirektoratet.

For dei UKL- og verdsarvområda som strekkjer seg over fleire kommunar og fylke, vert det i forslaget til ny forskrift presisert at søknader skal bli behandla av den kommunen der hovuddelen av tiltaket vil bli gjennomført. I Hordaland og Sogn og Fjordane (nye Vestland fylke), vil dette røre ved verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden som dekkjer delar av dei fire kommunane Aurland, Vik, Lærdal og Voss. Sjølv om det i dei fleste av tilfelle vil vere slik at hovuddelen av tiltaket vil gå føre seg i Aurland kommune, vil det òg vere tilfelle der bruken vil gå føre seg på tvers, og der det er eit skjønsspørsmål kor tiltaket skal skje, som t.d. ved beiting i utmark. I dette tilfellet meiner Fylkesmannen at det i forskrifa må opnast for at tilskottsmidlane kan bli fordelt til *ein* av verdsarvkommunane, som såleis får ansvar for å koordinere arbeidet med tilskotsforvaltninga på vegner av alle dei berørte kommunane. Vi ser det som fordelaktig at ein av verdsarvkommunane får koordinatoransvaret for tilskotsordninga, for å unngå å måtte operere med fire pottar med ein komplisert fordelingsnøkkel, for å syte for lik tilskotsforvaltning for søkerane, òg for å lettare halde oversikten med behovet for fellestiltak i verdsarvområdet. Dette er viktige punkt for å sikre at ordninga framleis blir ubyråkratisk for brukarane.

Når det gjeld kravet om at det skal leggjast ved skriftleg løyve frå eigar og ev. rettshavarar i søknaden, ønskjer vi at forskrifa må vere tydeleg på at slike løyve òg kan omfatta fleirtalsvedtak frå



eit sameige, for å sikre at det skal vere mogleg å løyve tilskot til viktige tiltak på felles grunn.

Til § 6. Rapportering og utbetaling

Det er positivt at forslaget til ny forskrift legg opp til at dagens ordning med mogleghet for delutbetaling vert vidareført. Dette gir tryggleik for søkerane til å gå i gang med tiltak.

Vi ser det òg som svært positivt at det vil bli utvikla rapporteringsmodul i Agros.

Til § 7. Myndighet og klage

Forslaget til ny forskrift slår fast at kommunen skal fatte vedtak etter forskrifa. Vi ser at dette kan vere rasjonelt, men vil peike på at dette berre vil lukkast viss dei rette føresetnadane er på plass. Ressurssituasjonen i kommunane vil ha mykje å seie for korleis dei aktuelle kommunane er i stand til å løyse oppgåvane som følgjer med forvaltninga av tilskotsordninga. Det er difor viktig at kommunane får tilført ekstra midlar og ressursar slik at denne tilskotsordninga ikkje blir offer for hard prioritering og pressa kommuneøkonomi. Samstundes understrekar vi at det er viktig å halde fast ved prinsippet om at tilskotsmidlane ikkje skal nyttast til administrasjon av ordninga. For å unngå at ordningane blir ein salderingspost i kommunane må forskrifa sikre at det blir eit tett samarbeid mellom kommune og Fylkesmann i dei tilfella der det er særskilde verdiar og/eller særlege forhold som stiller høge krav til både fagleg kompetanse og til kapasitet. Forskrifa må framheve at kommunen bør bruke fagkompetanse hos Fylkesmann (miljø og landbruk), og kulturminnefagleg kompetanse i samband med vurderingar av vedtak, vilkår og utbetalingar. Ei løysing på problemet med ulik kapasitet i UKL- og verdsarvkommunane kunne vere å legge til rette for frivillig lokal forvaltning, på same måte som forvalting av naturvernområde.

Ressurs- og kompetansesituasjonen i kommunane vert òg omtala i høyringsnotatet, der det m.a. blir konkludert med at det er viktig at regionalt nivå har ein heilskapleg oversikt og rettleiande funksjon overfor kommunane, særleg i overgangsfasen. Til dette vil vi peike på det problematiske i at Fylkesmannen både skal vere rettleiar og klageinstans, noko som òg er omtala i høyringsnotatet under punkt 5. Samstundes ser vi det som avgjerande at Fylkesmannen framleis kan ha rolla som pådrivar og aktiv part i utviklingsarbeid og faglege vurderingar knytt til sakshandsaming.

Når det gjeld kap. 5 Rollefordeling i høyringsnotatet vil vi igjen understreke dei problematiske sidene ved at Fylkesmannen skal ha rolla som klageinstans, og at det framleis er ønskjeleg å vidareføre fleksibilitet og tett fagleg kontakt mellom forvaltningsnivåa. Vi oppmodar direktoratet om å utdjupe løysingsforslag til rollefordeling og organisering i rundskriv eller liknande.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Trude Knutzen Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent